

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvikne

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Innset

Oppskr. av: Embret Strand

Gard: Strand

(adresse): Innset

G.nr. 107 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Begge deler.

SVAR

1. Her har folk frå gamalt av skild mellom fraueng og markaeng. Frauenget (i bygdamålet uttala frøeng, med ein mellomting melom ø og å) var det som var rydda for skog og vart gjødsla, markaenget det som det stod meir eller mindre lauvskog på, og som det vaks berre ville grasvekstar på, anten det låg ved garen eller i utmarka.

Etterat ploegen kom i bruk, vart det og til at ein skilde mellom frauhøy og småfrau. Småfrau eller vollhøy som det og vart kalla, vart da det som vaks på den skogrudde del av garen som ikkje kom unner ploegen.

Ordet ekre kjenner me her og, og det var eit dyrka engstykkje, helst med noko lengde som fekk ekre-namn.

Attlegje kallast her attluggu, og var eit markaeng som ikkje hadde vore avhausta på eit eller fleire år.

Det har nokk vore ymse nemningar når det gjaldt eng, og da særleg markaenget. Vart t.d. eit markaengstykkje sers godt ruddja for skog og stein, fekk det ofte skårnamn, t.d. Grindskåren om den skåren som låg nærmast ginda. Dessa skårane var og lang og smal, på samme måte som ekra på frauenget.

Å skilja mellom lang og stutturvslåttar var ikkje vanleg. Stutturv vart lite nytta her.

2. Rydjing.

Rydjinga av markaenget hørde til siste våronnarbeidet på garen. Ein raka da vekk nedfallt lauv, kvist o.l., og kasta det saman i haugar, gjerne burte i ei steinrøys, og ofte brende det. Ein slik raskhaug kalla dei Katvåla.

Samstundes vart og gjødsla som dyra let etter seg på beitet raka utover. Laus stein som var lett og ta og lei for ljaen, kasta dei saman i røisar.

3. Mosevaksen eng.

Mosen vart ofte raka or enga med ei harke, d.e. ei stutt rive med tinner av jern, altså same slaget som ein brukar til å kaste reinmose med.

I tia før skiftebruket var det nokk ikkje bruka grasfrø utanum det ein samla op i høyløa, men det var bruka langt attende i tia.

4. Myr og vassjuk eng. Vatning.

Med dette vart lite og inkje gjort, Ei lita grøft her og der kunde ein sjå gamalt, men desse var berre for å leida burt verste flomvatnet.

Vatning var det ikkje tale om her, da jordsmonnet og nedbørem er slik at det ikkje var nødvendig.

5. Gjødsling.

Berre frauenga vart gjødsla, ikkje markaenga, og så og segja all gjødsla vart lagt på enga. Den vesle åkerlappen vart oftast ikkje gjødsla, da dei var redde for at åkeren la seg ned og konnet ikkje mogna.

Kor sterkt dei gjødsla kom mykje an på kor råd dei hadde på frau. Men op til 8-10 lass på malingen (malet) var vel mest vanleg.

6. Som fyrr ~~namt~~ vart eng som vart gjødsla kalla fraueng, og høyet frå dette frauhøy.

7. Att ein sette husa slik at det skulde ha noko å segja for gjødslinga ser det ikkje ut til, da husa like ofte er sett slik at gjødselvøta og tunsiget gjekk tilskogs eller ut i ein bekk, som utover enga.

8. Enga vart som oftast gjødsla om våren. Gjødsla vart tildels køyrd ut på vinterføre, og lagt i lass på enga.

I våronna vart den så spreid ut og sloa.

Utkøyringa gjekk for seg på ein ganske enkel slåe (slede) som ofte vart kalla drag, og fyrr det vart vanleg å ha hest køyrde dei med ein okse eller ei kvige.

Så var det da å speria gjødsla med ei trerukky (spade av tre). Når greip og spade fyrst kom i bruk her, hev det ikkje lukkast meg å få greie på, men vanleg vart dei iallefall ikkje fyrr i siste halvdel av fyrre hundreåret.

Når gjødsla var spreid let dei ho ligga nokre dagar så ho vart såpas tørr at ho smuldra sund, og så sloa dei ho.

Til sloinga bruka dei møkksloa, som dei køyrde med det trekkdyret dei rådde over, hvis da garen var såpas at dei hadde noko, hvis ikkje banka dei møkka sund.

Møkksloen var enten laga som stokksloa eller rissloa. Stokksloen laga dei av 4 stokkabber som var ca. 1 m.

lang, og digre som ein almindelig tømmerstokk. Dei vart øksa flat på over og undersida, og låg ved sida av kvarandre.

Eit hol midt på dei med eit tre igjennom helt dei saman, og i dette var og draget festa. Det vart øksa nokre groper i stokkane på unnersida for at dei skulde rive sund gjødsla bedre. Til drag brukte dei skokler.

Rissloen var bundet sammen av småe bjørker (ca. 3 m. lange) og draget festa i rotenden. 8-10 bjørker vart ein vanleg stor sloa. Når dei køyrde han la dei på han ein høveleg stor stein, for å få han til å gjera godt arbeid.

Når ein mann køyrde sloen, gjekk 2-3 andre med med rive og raka vekk det som sloen ikkje fekk sund, t.d. høyrusk, kvist o.l.

9. Beiting hev frå gamalt av vore vanleg både på fraueng og markaeng, og brukes enda, men på dyrka mark no berre om hausten. Det var nokk skort på innefor som gjorde at dei beita både haust og vår.

Frauenga var sjølv sagt den som fyrst vart grøn om våren, og her gjekk da dyra fyrst ei tid. Når det leid lenger på, og markaenget kom seg etter, vart dyra flutte dit, og gjekk der til det vart beite i utmarka.

10. Eit skifte er det her i siste mannsalder, og beitinga om våren på dyrka mark er no avlegs. Derimot vert dyra no og slått på innmarka om hausten for å beite av noko av loa, da det her i fjellbygdene vert slått berre ein gang for sumaren.

11.

Gjødsla som dyra let etter seg på beitet, vart raka utover unner rydjinga om våren. Ein kjenner ikkje til anna reidskap til dette bruk enn riva.

12. I eldre tid vart alle husdyra sett på fjøs om natta, da dei ikkje var trygge for udyra. I seinare tid etterat udyra vart utrydda, blir berre ku og gjeit sett inn om natta, hest og sau går ute.

Når dyra går i utmarka vert framleis sumarfjoset nytta. Flutting av fjoset hev ikkje vore bruka her.

13-18.

Det vart alltid nytta fjøs her.

19. Ordet trø kjenner me her og, men ordet er bruka om ein liten hamnehage, som ofte fans på ein gard.

20.

Det hev alltid vore vanleg å gjøda inn noko kring seterhusa og dyrka op, og dette er det som vert kalla setervang. Setervangen vert gjødsla som enga ellers, og vert enda oftest avhausta.

21.

Det einaste var oske, men i liten målestokk. Det var vel helst berre den oska som vart til i peisen, og unner rydjinga om våren når dei brende kvisthaugar o.l.

3097

5008

Emblet Strand,
Innset

Hedem:
Kortene

2511


NORSK ETNO OG ISK GRANSNING
ADR. NORSK FOLKEHEM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bære vatn på ei lang stong. Ein bær den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bær (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bære vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

*Nei.
Nei.*